

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gol.

Emne: Vatnbøring

Bygdelag: Oygardane

Oppskr. av: H. J. Bakken.

Gard: Bakken

(adresse): Gol.

G.nr. 29 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Vatnbøringa har her i bygda, som vel dei fleste andre stader, vore eit trist kapitel.

Til for 30 - 40 år sia var her få gardar og bustader med innlagt vatn.

Til vatnbøringa var det vanlegaste å bruke 2 bötter og vatssøle. Vatssølen låg over både akslar med utholka opning for halsen, slik at ein hadde ei bytte på kvar side. Var vatssølen godt laga låg han so støtt at det nesten ikkje trengdest å halde i böttene.

Til for 60 - 70 år sia var det vidjeband og tre - krokar i vatssølen. Nokon serskilt nemning på kvar del har eg ikkje høyrte.

Tia då dei slutta med trebötter kan nokk ikkje tidfestast so nøgje; men ein kan seia at det for det meste vart slutt med dei i loåra 1890 - 1900.

2. Der det var so god hjelp at det kunde vera to om det, og lennet ikkje var for bratt, vart det og brukt at to bar ein vatssår på ei stong mellom seg.

Vatssåren var ei lagga trebötte med to øyror som dei tredde stonga igjennom. Storleiken var litt ymse, men var vanleg 40 - 50 l.

Har ikkje høyrte om tverrtre på stonga her. Stonga vart kalla både vatsstong og sårstong.

Til såren vart det ofte brukt ein samenspiakra trekross eller treplate for å døyve på skvulpinga. Om vinteren var det ofte dei berre hadde oppå noko snø.

Til å ause opp vatnet frå brunnen med vart det mykje brukt ei omlag 10 l. stor trebötte der den eine staven var forlenga til eit skaft. Lengda på skaftet omkr. 1 m. eller so. Denne ausegreia kalla dei "vatskölle"

Der det var svert djupe brunnar "stökkebrun" måtte dei bruke vatshisse, eller og vinde med sveiv.

3. Der vatsvegen var lagleg til det vart det om vinteren ogso brukt å settja vatssåren på ei slags ski. Denne vart kalla "vatsski" (sjå rids).

4. Det har vore so heilt forskjelligt kven som hadde vatnbøringa, etter som hjelpa har vore til.

Men ein kan nokk seia at budeia - kona - nesten alltid har fått sin rikelege del av denne. For borna var det nemleg skulegonga, og for mannen, og annan vaksen mannfolk hjelp, arbeid på fjellet og i skog og mark elles som kom ivegen.

2  
5. Vatsbæring er nokk ikkje so lite ibruk enno, serleg er det på mindre bruk og bustader, og når det på grunn av turk eller frost kan bli vatsløyse om vinteren. Bæring på stong og skuving på vatsski har eg ikkje sett sia eg var smågutt.

6. Vatsköyring på slede har ikkje vore noko uvanlegt, og blir brukt enno når det i somme høve kan bli langt etter vatnet om vinteren.

7. Det har sjölvsagt bestna mykje i seinare tid, men enno er det langt fram til at det kan reknast for bra med vatsforsyninga.


Det kan soleis nemnast at det i Gol no er innlagt vatn på 176 gardsbruk, medan 161 er utan innlagt vatn. Av bustadbygg og villaer er innlagt vatn i 75 og 159 er utan innlagt vatn.

Tillegg til pkt. 6. Noko som har vore svert vanleg er å dra vatnet på ein kjelke - "vatskjölkji" (tjukk l).

Kjelken var laga serleg til det bruk, slik at tunna eller vatskaret låg eller stod støtt. Som oftast vart det brukt ei ganske stor tunne som låg på kjelken. Det var då laga eit ganske stort spunshol med lok midt oppå tunna.

Vatskjelken var laga på so mange måtar at det er lite verdt å gjeva nokon nærare beskrivels av denne. Attåt dragbandet måtte dei ha styrstong.

4990



VATSSKI.

ca 1,5 m. lang.  
" 5 tommar brei.

4990